

**- Som bønder i Vanylven er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Vanylven.

## **- Veit du dette om landbruket i Vanylven:**

Vanylven er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **93 gardsbruk i drift** i Vanylven (206 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 240 dekar**. (114 dekar i år 2000).

### **Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.**

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Vanylven har **41 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 25 mjølkebruk. Det er 43 sauebruk, 8 bruk med høner, 2 geitebruk, 2 bruk med gris og 13 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling, sal av gardsmat, og har bygd fleire småkraftverk.

I Vanylven er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket. Vanylven kommune har satsa på ei aktiv landbruksforvaltning. Det er dei siste åra bygd fleire nye fjøs.

Vanylven har **størst eggproduksjon i fylket**. I 2006 bygde 5 bønder på Rovde kvart sitt hus for eggproduksjon på 7.500 høner. Produksjonen er 120.000 kg egg pr år i kvart av dei 5 husa. Tilsaman 600.000 kg tilsvarar årsforbruket av egg til heile 50.000 personar.

Samla er **husdyrhaldet i Vanylven ein stor buskap**: 550 mjølkekyr, 1.700 ammekyr/andre storfe, 4.000 sau og lam, 220 mjølkegeiter, 650 griser og 45.000 høner.

Det vert dyrka vel **22.300 dekar jordbruksareal** (23.400 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite. Vidare er det **41.300 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Vanylven hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 80,1 millionar kroner** i året.

Av dette hadde ku- og geitmjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 61 prosent av omsetnaden, sauehaldet 16 prosent og eggproduksjon 13 prosent.

Det allsidige landbruket i Vanylven skaper i tillegg verdier frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar og i skogen, brøyting av vegar og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **4,1 millionar liter kumjølkk frå 25 mjølkebruk** (4,6 mill. liter og 82 mjølkebruk i år 2000), og **128.000 liter geitemjølkk frå 2 geitebruk**. Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 14.000 personar. Gjennomsnittleg har kumjølkebruka 22 kyr og leverer årleg 164.000 liter mjølkk (11 kyr og 53.300 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **491.000 kg kjøtt** i Vanylven, av dette vel 279.000 kilo storfekjøtt, 173.000 kilo svinekjøtt, 38.000 kilo sauekjøtt og 1.000 kilo geit/kjekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til heile 7.000 personar, eller meir enn befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Vanylven** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

## Bonden og landbruksnæringa i Vanylven gir Mat, Miljø og levande Bygder



### - Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



## Landbruket i Vanylven

- \* 93 bruk i drift, av desse 41 med storfekjøtt
- \* 25 kumjølkbuk, 2 geitebruk og 43 sauebruk
- \* Største eggkommunen i fylket
- \* Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen

